



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	<b>Møterom, Midsund Kro</b>
Dato:	08.05.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**NB! Invitasjon til kreativ idesmie om temaet arbeidsgiverpolitikk på Midsund Kro 08.05.08 blir frå kl. 10.00 til kl. 15.00**

#### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/23	Underskrift	
PS 08/24	Godkjenning av protokoll	
PS 08/25	Årsrekneskapen 2007	2008/229
PS 08/26	Årsmelding 2007 Midsund kommune	2008/230
PS 08/27	Investeringsbudsjett 2008	2008/231
PS 08/28	Praktisering av bu og driveplikt på gardsbruk	2008/116
PS 08/29	Val til representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS for perioden 2007 - 2011	2007/509
PS 08/30	Val av medlem til styret for Tøndergård skole	2007/509

Midsund, 30.04.08

Helge Orten  
ordfører

Ann Torill Vaksvik  
sekretær

**PS 08/23 Underskrift**

**PS 08/24 Godkjenning av protokoll**



**Midsund kommune**  
Økonomikontoret

Arkivsak: 2008/229-1

Arkiv:

Saksbeh: Arild Sjøvik

Dato: 23.04.2008

**Saksframlegg**

**Årsrekneskapen 2007**

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/28	Ungdomsrådet	30.04.2008
08/30	Formannskapet	29.04.2008
	Eldrerådet	
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
08/25	Kommunestyret	08.05.2008

**Forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner den framlagde årsrekneskapen for Midsund kommune for rekneskapsåret 2007. Rekneskapen viser eit underskot på kr. 1.250.822,-. Investeringsrekneskapen viser eit udekket/udisponert resultat på kr. 0,-.
2. Midsund kommune bruker kr. 606.371,- av disposisjonsfondet for å dekkje delar av underskotet.  
kr. 644.451,- vert ståande udekket og må dekkjast innanfor gjeldande regelverk i rekneskapsføreskriftene.
3. Midsund kommune bruker kr. 221.644,- av ubundne investeringsfond for å dekkje eigenkapitalinnskottet i KLP som i 2007 er finansiert ved bruk av lånemidlar.

**Behandling i Ungdomsrådet - 30.04.2008**

**Vedtak i Ungdomsrådet - 30.04.2008**

## **Behandling i Formannskapet - 29.04.2008**

Samrøystes som forslag til vedtak

## **Vedtak i Formannskapet - 29.04.2008**

4. Kommunestyret godkjenner den framlagde årsrekneskapen for Midsund kommune for rekneskapsåret 2007. Rekneskapen viser eit underskot på kr. 1.250.822,-. Investeringsrekneskapen viser eit udekka/udisponert resultat på kr. 0,-.
5. Midsund kommune bruker kr. 606.371,- av disposisjonsfondet for å dekkje delar av underskotet.  
kr. 644.451,- vert ståande udekka og må dekkjast innanfor gjeldande regelverk i rekneskapsføreskriftene.
6. Midsund kommune bruker kr. 221.644,- av ubundne investeringsfond for å dekkje eigenkapitalinnskotet i KLP som i 2007 er finansiert ved bruk av lånemidlar.

### **Saksutgreiing:**

Årsrekneskapen for Midsund kommune vert med dette lagt fram for formannskap og kommunestyret. Etter forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000 § 10, skal kontrollutvalet gi uttale om årsrekneskap for formannskap og kommunestyret før rekneskapen vert vedteken. Slik uttale vert lagt fram for formannskap og kommunestyret i møte.

### **Vurdering:**

Midsund kommune har finansiert eigenkapitalinnskot i KLP kr. 221.664,- med lånemidlar. Dette er i strid med gjeldande regelverk og det er difor nødvendig at dette vert endra ved at ein brukar av ubundne investeringsfond (kapitalfond) for dette eigenkapitalinnskotet.

Rådmannen viser til rekneskapsdokumentet med kommentarar, samt til årsmeldinga for 2007 som vert fremja i eiga sak.

Gunnar Kvalsund  
rådmann

Arild Sjøvik  
Økonomisjef

**Vedlegg (prenta):** Rekneskapen 2007

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Økonomikontoret

Arkivsak: 2008/230-1  
Arkiv:  
Saksbeh: Arild Sjøvik  
Dato: 23.04.2008

## Saksframlegg

### Årsmelding 2007 Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/29	Ungdomsrådet	30.04.2008
08/31	Formannskapet	29.04.2008
	Eldrerådet	
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
08/26	Kommunestyret	08.05.2008

#### Forslag til vedtak:

Midsund kommune si årsmelding 2007 vert tatt til vitande.

#### Behandling i Ungdomsrådet - 30.04.2008

#### Vedtak i Ungdomsrådet - 30.04.2008

#### Behandling i Formannskapet - 29.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

## **Vedtak i Formannskapet - 29.04.2008**

Midsund kommune si årsmelding 2007 vert tatt til vitande.

### **Saksutgreiing:**

Det blir vist til årsmeldingsdokumentet.

Gunnar Kvalsund  
rådmann

Arild Sjøvik  
Økonomisjef

**Vedlegg (prenta):** Årsmelding 2007

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Økonomikontoret

Arkivsak: 2008/231-1

Arkiv:

Saksbeh: Arild Sjøvik

Dato: 23.04.2008

## Saksframlegg

### Investeringsbudsjett 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/32	Formannskapet	29.04.2008
08/30	Ungdomsrådet	30.04.2008
	Eldrerådet	
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
08/27	Kommunestyret	08.05.2008

### Forslag til vedtak:

### Behandling i Formannskapet - 29.04.2008

Saka blei lagt fram på møtet. Formannskapet gjekk punktvis gjennom investeringsbudsjettet for 2008.

Budsjettskjema 2A og 2B Budsjett 2008/Økonomiplan 2008-2011

Investeringer i Budsjett 2008						
Prosjekt	2008	2009	2010	2011	Sum	
<b>Teknisk:</b>						
1	Digitalt kart	50 000	50 000	50 000	200 000	
2	Brukt bil til teknisk	170 000		200 000	370 000	
3	Ny gravemaskin	0	250 000		250 000	
4	Traktortilhenger	170 000			170 000	
5	Asfalt kommunale vegar	500 000	500 000	500 000	2 000 000	
6	Strøpparat, kommunale vegar		80 000		80 000	
7	Trafikktrygging	300 000	300 000	300 000	1 200 000	
8	Midsund sentrum		500 000	500 000	1 500 000	
9	Midsund vassverk	300 000	300 000	300 000	1 200 000	
10	Avløp	700 000	1 000 000	700 000	2 400 000	
11	Ambulansekai Sundsbøen	500 000			500 000	
<b>Barnehagar:</b>						
12	Uteområde Midsund barnehage	300 000		0	300 000	
13	Midsund barnehage: leikeapparat	100 000			100 000	
14	Tilrettelegging for felles barnehage				0	
<b>Skular:</b>						
15	Midsund skule: Rom for elev m/spes. Behov	50 000	0		50 000	
16	Midsund skule: Grupperom, lager, søppelrom	350 000	0	0	350 000	
17	Midsund skule: rom for lærarar, bllbiotek	0	0	0	5 000 000	
18	Midsund skule: opprusting uteområde	150 000	150 000	0	300 000	
19	Raknes skule: skifte tak (gamlefløya)	0	300 000	0	300 000	
20	Tiltak for felles skule	500 000			500 000	
<b>Pleie og omsorg:</b>						
23	Riving av Høgda	300 000	0	0	300 000	
24	Bukollektiv ressurskrevande brukarar	5 000 000	0	0	5 000 000	
25	Bukollektiv for eldre	2 500 000	2 500 000	0	5 000 000	
26	Uteområde Midsund sjukeheim	0	0	0	300 000	
<b>Midsund sokn:</b>						
27	Ny prestebustad	3 000 000			3 000 000	
28	Gravplass og veg – Nord-Heggdal	2 000 000			2 000 000	
29	Utsifting av fyringsanlegg m.m	300 000			300 000	
<b>Sum</b>						
		<b>17 240 000</b>	<b>5 930 000</b>	<b>2 550 000</b>	<b>6 950 000</b>	<b>32 670 000</b>
	Salg tomter	(200 000)	(200 000)	(200 000)	(200 000)	(800 000)
	Salg av eigendomar		(2 000 000)			(2 000 000)
	Tilskott	(2 400 000)				(2 400 000)
	Avgiftsfinansierte lån	(1 000 000)	(1 300 000)	(1 000 000)	(300 000)	(3 600 000)
	Lån finansiert over ordinær drift	(13 640 000)	(2 430 000)	(1 350 000)	(6 450 000)	(23 870 000)
	<b>Sum</b>	<b>(17 240 000)</b>	<b>(5 930 000)</b>	<b>(2 550 000)</b>	<b>(6 950 000)</b>	<b>(32 670 000)</b>

Investeringar vedteke i K-styret i perioden:

Sak 08/10	40 Tryggleiksalarmar	111 000
Sak 08/16	Skulestruktur	572 000
Samla investering vedtatt i K.styret 2008		<b>683 000</b>

Magne Reiten (SP) deltok i behandlinga av saka, men måtte forlate møtet før votering  
4 voterande

Formannskapet ber administrasjonen vurdere pkt. 15 og pkt. 16, både når det gjeldt eit realistisk kostnadsoverslag og om det kan finnast alternative løysingar.

Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei vurdering av totaløkonomien i ei bygging av prestebustad.

Formannskapet sitt forslag til investeringsbudsjett blir lagt fram til behandling i kommunestyret.

Samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskapet - 29.04.2008

Formannskapet sitt forslag til investeringsbudsjett blir lagt fram til behandling i kommunestyret.

1	Digitalt kart	50 000	50 000	50 000	50 000
2	Brukt bil til teknisk	170 000		200 000	
3	Ny gravemaskin		250 000		
4	Traktortilhengar	170 000			
5	Asfalt kommunale vegar		500 000	500 000	500 000
6	Strøpparat, kommunale vegar		80 000		
7	Trafikktrygging		300 000	300 000	300 000
8	Midsund sentrum		500 000	500 000	500 000
9	Midsund vassverk	300 000	300 000	300 000	300 000
10	Avløp	700 000	1 000 000	700 000	
11	Ambulansekai Sundsbøen		500 000		
	<b>Barnehagar:</b>				
12	Uteområde Midsund barnehage	300 000			
13	Midsund barnehage: leikeapparat	100 000			
14	Tilrettelegging for felles barnehage				
	<b>Skular:</b>				
15	Midsund skule: Rom for elev m/spes. Behov	50 000			
16	Midsund skule: Grupperom, lager, søppelrom	350 000			
17	Midsund skule: rom for lærarar, bibliotek				5 000 000
18	Midsund skule: opprusting uteområde		150 000	150 000	
19	Raknes skule: skifte tak (gamlefløya)		300 000		
20	Tiltak for felles skule	1 072 000			
	<b>Pleie og omsorg:</b>				
23	Riving av Høgda		300 000		
24	Bukollektiv ressurskrevande brukarar	4 000 000	4 000 000		
25	Bukollektiv for eldre		2 500 000	2 500 000	
26	Uteområde Midsund sjukeheim				300 000
30	Tryggleiksalarmar	111 000			
	<b>Midsund sokn:</b>				
27	Ny prestebustad	200 000	2 800 000		
28	Gravplass og veg – Nord-Heggdal	2 000 000			
29	Utskifting av fyringsanlegg m.m	300 000			
	<b>Sum</b>	<b>9 873 000</b>	<b>13 530 000</b>	<b>5 200 000</b>	<b>6 950 000</b>
	Finansiering: (budsjettskjema 2A):				
	Salg tomter	(200 000)	(200 000)	(200 000)	(200 000)
	Salg av eigendomar		(2 000 000)		
	Tilskott		(2 400 000)		
	Avgiftsfinansierte lån	(1 000 000)	(1 300 000)	(1 000 000)	(300 000)
	Lån finansiert over ordinær drift	(8 673 000)	(7 630 000)	(4 000 000)	(6 450 000)
	<b>Sum Finansiering:</b>	<b>(9 873 000)</b>	<b>(13 530 000)</b>	<b>(5 200 000)</b>	<b>(6 950 000)</b>

Investeringane i 2008 skal finansierast ved bruk av ubrukte lånemidlar.

**Behandling i Ungdomsrådet - 30.04.2008**

**Vedtak i Ungdomsrådet - 30.04.2008**

Gunnar Kvalsund  
rådmann

Arild Sjøvik  
Økonomisjef



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2008/116-2  
Arkiv: V63  
Saksbeh: Nils Edvin Sanden  
Dato: 04.04.2008

**Saksframlegg**

**Praktisering av bu og driveplikt på gardsbruk**

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/29	Formannskapet	29.04.2008
08/28	Kommunestyret	08.05.2008

**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

**Behandling i Formannskapet - 29.04.2008**

Formannskapet fremma følgjande felles forslag:

*Midsund kommune er gjeve mynde til innvilging av dispensasjonar frå bu og driveplikt etter odelslova og konsesjonslova.*

*Ved heimelsoverføring eller kjøp av ein landbrukseigedom i Midsund som er underlagt bu og driveplikt etter odelslova og konsesjonslova, forventar Midsund kommune at kjøparane skal ha bruket som fast buplass og at jordbruksareala vert dreve eller utleigd på langsiktige avtaler. Det kan innvilgast ei kortare utsetjing av bu og driveplikta i samband med avvikling av arbeidstilhøve og barn sin skulegang.*

*Midsund kommune finn ikkje å ville innføre føresegner til konsesjonslova om buplikt på alle bustadeigedomar.*

Formannskapet sitt felles forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Formannskapet - 29.04.2008**

Midsund kommune er gjeve mynde til innvilging av dispensasjonar frå bu og driveplikt etter odelslova og konsesjonslova.

Ved heimelsoverføring eller kjøp av ein landbrukseigedom i Midsund som er underlagt bu og driveplikt etter odelslova og konsesjonslova, forventar Midsund kommune at kjøparane skal ha bruket som fast buplass og at jordbruksareala vert dreve eller utleigd på langsiktige avtaler. Det kan innvilgast ei kortare utsetjing av bu og driveplikta i samband med avvikling av arbeidstilhøve og barn sin skulegang.

Midsund kommune finn ikkje å ville innføre føresegner til konsesjonslova om buplikt på alle bustadeigedomar.

### **Saksutgreiing:**

Midsund kommune har motteke ei henvending frå Midsund Vekst om praktisering av bu og driveplikt på gardsbruk i samband med oppstart av eit tilflyttingsprosjekt.

Ved overtaking av heimel til ein landbrukseigedom frå nære slektningar eller der ein har odelsrett til eigedomen pålegg odelslova den nye eigaren bu og driveplikt. Dette gjeld ikkje for eigedomar med eit jordbruksareal under 20 da.

I konsesjonslova er det knytt vilkår om bu og driveplikt ved kjøp av landbrukseigedomar med eit fulldyrka areala over 20 da. Konsesjonslova gjeld for eigedomar som vert selt utanfor nær slekt/odel.

Bu og driveplikt på landbrukseigedomar medfører at ein må flytte til bruket innan eit år frå overtaking av heimel til bruket og drive bruket i minst fem år. Dersom bu og driveplikt er heimla i odelslova, kan ein oppfylle driveplikta ved utleige av jordbruksareala på skriftleg avtale på minst 10 år. Avtalen skal leggjast fram for kommunen. Det er sett krav om at bruket skal vere den reelle bustaden - ein skal ha over 50% overnatting .

Det er kommunane som gjev heimel til innvilging av ev. søknader om fritak eller utsetjing av bu og driveplikt. Vidare skal kommunane føre kontroll med at bu og driveplikt vert oppfylt. Det kan søkjast om varig fritak frå bu og driveplikta eller tidsavgrensa utsetjing.

Manglande bu og driveplikt er eit brot på konsesjonsvilkåra. Brot på bu og driveplikt etter odelslova medfører at ein må søkje konsesjon.

Kommunane kan innføre ei eiga føresegn om konsesjonskrav ved kjøp av eigedomar som har vore nytta til bustadføre mål og pålegge buplikt på slike eigedomar. Sandøy kommune hadde tidlegare ei føresegn om buplikt på Ona.

Det har vore hevda at praktiseringa av bu og driveplikta i enkelte kommunar har vore for liberal og at bu og driveplikta ikkje i stor nok grad har vore oppfatta som reell. Brot på bu og driveplikta har ikkje vore følgd godt nok opp.

Konsekvensane av manglande oppfylting kan bli at landbrukseigedomar ikkje vert tilflytta.

Vidare kan ein odelsrettshavar som ikkje flyttar til bruket fortrenge andre odelsrettshavarar. Ved overtaking av ein landbrukseigedom etter odels og åsetesretten har ein krav på overtaking av eigedomen til redusert pris. Manglande oppfyljing av bu og driveplikta har difor eit privatrettsleg element.

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut ei høyring på endring av bu og driveplikta etter odels og konsesjonslova. Det er gjort framlegg om heving av grensa for eigedomar som utløyser bu og driveplikt til 25 da fulldyrka jord. På den andre sida er vilkåra knyta til bu og driveplikta innstramma.

### **Vurdering:**

Bu og driveplikt har eit privatrettsleg og eit samfunnsmessig element. Overtaking av heimel til ein landbrukseigedom etter odels og åseteslova medfører rettar og plikter. Pliktene er m.a. bu og driveplikt. Dersom kommunen ikkje følgjer opp bu og drivepliktssaker kan det ha konsekvensar for tilhøvet mellom arvingar.

Den samfunnsmessige konsekvensen av manglande handheving er at landbrukseigedomar vert nytta som ferie/fritidsbustader eller vert ståande unytta. Dersom det er etterspurnad etter landbrukseigedomar som bustader, vil det ha negative konsekvensar for folketalsutviklinga. Vidare vil dei ressursane som landbrukseigedomane representerer som oftast bli dårlegare utnytta dersom det ikkje er fast busetjing.

Marknadsprisen på bustadhus og ferie/fritidshus vil ofte vere ulik. Manglande handheving av bu og driveplikta kan medføre at landbrukseigedomar får ein marknadspris som fritidseigedomar. Høg pris kan medføre at slike eigedomar ikkje vert kjøpt til bustadføremål/landbruksføremål. På den andre sida kan etterspurnad etter landbrukseigedomar til fritidsføremål medføre at slike eigedomar vert vedlikehaldne og nytta i områder der det er nedgang i folketalet.

Dersom våningshus eller tunområde vert frådelt og landbruksareala selt til andre gardsbruk, vil det styrke driftsgrunnlaget for dei gjenverande bruka. Ein stadig større del av areala som jordbruksføretaka i Midsund driv er leigejord. Manglande kontroll av driftsgrunnlaget, ein stor del av areala leigd utan eller med kortsiktige avtaler, kan bli eit stort problem for utvikling av jordbruket i Midsund. Manglande handheving og kontroll av bu og driveplikta vil kunne medføre mindre vilje til inngåing av langsiktige jordleigeavtaler og sal av landbruksareal.

I Midsund er i overkant av 30 gardsbruk i drift. Gardsarkivet omfattar mellom 250-300 eigedomar som har hatt ei eller anna form for landbruksdrift. Dei fleste landbrukseigedomane i kommunen har såleis gått ut av drift. Dei fleste av desse eigedomane vert likevel nytta som bustad.

Det er ikkje utarbeida oversyn på kor mange landbrukseigedomar som vert nytta til ferieføremål eller ligg unytta. Ein kan pårekne at 30-40% av bustadhus som er i bruk i kommunen ligg på landbrukseigedomar. Korleis desse husa vert nytta, vil difor ha stor innverknad på folketalsutvikling og bustadpolitikken i kommunen.

Det er truleg slik at mindre landbrukseigedomar i Midsund er rel. attraktive som buplassar på grunn av nærleiken til arbeidsmarknadane i Brattvåg og Molde. Dei same eigedomane kan imidlertid vere attraktive som fritidsbustader på grunn av nærleiken til sjø og fjell.

Skal jordbruksareala kunne haldast i drift må dei bruka som skal oppretthalde drifta ha styring med driftsgrunnlaget i form av eigarskap til areala eller langsiktige leigeavtaler.

For å oppretthalde busetjinga, kan kommunen innføre buplikt på alle eigedomar som har vore nytta til bustadføremål. Skal eit slikt pålegg ha noka verknad må det vere ein etterspurnad etter bustadhus i området. Det er usikkert om innføring av buplikt på alle bustadeigedomar vil ha nokon positiv verknad. Innskrenking av den potensielle kjøpargruppa vil måtte medføre reduksjon av marknadsverdien.

Nils Edvin Sanden  
Konsulent landbruk

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

Arkivsak: 2007/509-97

Arkiv: 033

Saksbeh: Ann Torill Vaksvik

Dato: 02.04.2008

## Saksframlegg

### Val til representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS for perioden 2007 - 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/10	Valnemnda	29.04.2008
08/29	Kommunestyret	08.05.2008

#### Forslag til vedtak:

Som medlem og varamedlem i representantskapet i IKA Møre og Romsdal IKS for perioden 2007 – 2011 blir valt:

#### Behandling i Valnemnda - 29.04.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

*Rådmannen får fullmakt til utpeike medlem og varamedlem til representantskapet i IKA Møre og Romsdal IKS for perioden 2007 – 2011.*

Forslag fremma av Helge Orten vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i Valnemnda - 29.04.2008

Rådmannen får fullmakt til utpeike medlem og varamedlem til representantskapet i IKA Møre og Romsdal IKS for perioden 2007 – 2011.

**Saksutgreiing:**

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er ei interkommunal verksemd som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.

Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunar i Møre og Romsdal og interkommunale selskap kan vere deltakarar i selskapet.

IKA Møre og Romsdal IKS har sitt hovudkontor i Ålesund.

Det øvste organet for verksemda er representantskapet, der deltakarane oppnemner sine respektive representantar. Kvar deltakar skal ha ein representant.

Representantskapet konstituerar seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Styret blir valt av representantskapet. Representantskapet vel ei valnemnd som førebur valet. Styret skal ha 5 medlemar. Styrets leiar, nestleiar, medlemar og varamedlemar skal veljast av representantskapet for fire år.

Rådmannen har tidlegare vore valt som utsending til representantskapet.

**Vurdering:**

I samsvar med valnemnda si innstilling legg rådmannen saka fram til politisk behandling.

rådmann

Ann Torill Vaksvik  
førstesekretær

**Vedlegg (prenta):****Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:** Valt medlem og varamedlem  
IKA Møre og Romsdal IKS



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

Arkivsak: 2007/509-101

Arkiv: 033

Saksbeh: Ann Torill Vaksvik

Dato: 21.04.2008

## Saksframlegg

### Val av medlem til styret ved Tøndergård skole for perioden 2007 - 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/11	Valnemnda	29.04.2008
08/30	Kommunestyret	08.05.2008

#### Forslag til vedtak:

Som medlem i styret ved Tøndergård skole for perioden 2007 – 2011 blir valt:

#### Behandling i Valnemnda - 29.04.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

*Rådmannen får fullmakt til å utpeike medlem til styret ved Tøndergård skole for perioden 2007 – 2011.*

Forslag fremma av Helge Orten vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i Valnemnda - 29.04.2008

Rådmannen får fullmakt til å utpeike medlem til styret ved Tøndergård skole for perioden 2007 – 2011.

**Saksutgreiing:**

I kommunestyremøte 08.11.07 sak 07/83 vart desse valt til styret ved Tøndergård skole for perioden 2007 – 2011:

Medlem:  
Trygve Brunvoll

Varamedlem:  
Aslaug Jensen Sanden

Trygve Brunvoll har slutta i Midsund kommune og kommunestyret må velge eit nytt medlem til styret ved Tøndergård skole.

Skulen har følgjande styringsorganer:

- Styre med 9 medlemar, eit medlem frå kvar eigarkommune
- Representantskap med 9 medlemar, eit medlem frå kvar eigarkommune

Styremedlemar med varamedlemar skal velgast av kommunestyra i eigarkommunane. Styremedlemane kan ikkje samtidig vere medlem av representantskapet.

**Vurdering:**

I samsvar med valnemnda si innstilling legg rådmannen saka fram til politisk behandling.

Gunnar Kvalsund  
rådmann

Ann Torill Vaksvik  
førstesekretær

**Vedlegg (prenta):****Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:** Valt medlem  
Tøndergård skole